

Konraktutvalet for idrettslaga
i Osterøy

Å r s m e l d i n g 1979 .

K.u. har hatt 3 møte i året. Dei som har representert laga er:
Osterøy Idr.l.: Øystein Solberg, Magne Skisted
Mjøsdalen " : Øystein Loftås, Eimund Øvethus
Fotlandsvåg " : Birger Hønstvedt, Arild Fotland
Hausvik Fotb.kl. : Håkon H. Åsheim
Valestr. Idr.f. : Karsten Karlsen, Svein Burkeland
Hjellvikv. Idr.l. : Olav Hjellvik, Agnar Hjellvik
Formann: Agnar Hjellvik Sekretær/kassastyrar: Olav Hjellvik
Nestform.: Olav J. Hatland (skulle vere omval)
Revisor: Håkon H. Åsheim

Ingen nye saker er tekne opp dette året, og heller lite har vorte gjort med oppgåver som utvalet tidlegare har gjort vedtak om å arbeida med. Form. lyt ta på seg ansvaret for dette.

Arbeidet med sentralidrettsnlegget på Hatland er kome i gang takka vere initiativ og dugnadsinnsats frå Osterøy Idr.l. si side.

Kulturmillane for 1979, kr. 35.000.- til beinveges deling mellom laga + ekstraløyvingar fører til om lag same sluttsum som for 1978.

Ballbruk innadørs i skulane har skulestyret vore inne på tanken å nekta. K.u. har i høve dette sendt skriv til skulestyret og bede om at framleggert vert trekt attende. Ein har sidan ikkje høyrte meir om denne saka.

Ostermeisterskapane:

Innadørsmeistersk. i hopp : Hatland, arr. Osterøy Idr.l.
Terrensløp : Hosanger, arr. Mjøsdalen Idr.l.
Friidrett: Haus og Valestrand, arr. Osterøy Idr.l.
Orientering: Hauge (start på Vevle), arr. Hjellvik Idr.l.
Ski (langrenn): Hjellvik, arr. Hjellvikv. Idr.l.

Med den flotte snøvinteren og fint ver på dagen for skimeisterskapen fekk dette arrangementet større deltak. enn nokon gong før, meir enn 400 stilte til start. - Friidrottsmeisterskapen hadde òg større deltaking enn vanleg.

Alpinidretten som var pop på etterjulsvinteren, har ikkje hatt brukande vilkår i år. Vonleg vil K.u. si valde nemnd koma i gang med arbeidet for tilrettelegging av løyper o.a. med det første. Osterøy og Hjellvik har melit frå om deltak. i nemnda.

Nye banestyre og nytt kulturstyre . Etter samråd med form. i dei respektive laga har form. i K.u. sendt inn framlegg til representantar for banene på Haus, Valestrand og Hatland. Samråkis har det vorte gjort framlegg på nokre repr. til kulturstyret (Ingunn Rongved, Karl J. Reigstad, Audun Hellevang) Stort sett har formannskapet teke omsyn til framlegga.

Formannen har representert K.u. på idrettskretstinget i Kinsarvik.

Hjellvik 1 mars 1980.

Agnar Hjellvik
form.

R e f e r a t .

Kontaktutvalet for idr.l. i Osterøy heldt møte på Hjellvik torsdag 1/3. kl. 19.00 (1979).

Desse møtte:

Mjøsdalen Idr.l. : Eimund Øysthus, Jostein Loftås .
Osterøy Idr.l. : Øystein Solberg, Olav Johan Hatland.
Valestrandsfossen Idr.for.: Karsten Karlson, Svein Burkeland.

Etter di Valestrandsfossen Idrettsforening er eit nytt lag og møtte i K.U. for første gong, vart dette laget ynskt serleg velkomen til godt samarbeid.

Den oppsette saklista vart fylgt.

Sak 3 Kursverksemda

Kurset "trim med musikk": Alt klart til å setja i gang kurset som skal gå som helgekurs fredag 16., laurdag 17. og sunndag 18. mars.

Holmeskapetkurset skal heldast på Valestrand 12., 14. og 15. mars. Laga vart oppmoda om å senda minst to eller tre deltakarar kvar.

Sak 4 Osterøymeisterskap

Det var samsje i utvalet om å byte ut ordet "osterøymeisterskap" med ordet "Ostermeisterskap", dette m.a. for å unngå namnlikning med Osterøy Idr.l. sine klubbmeisterskap.

Det viser seg å vera stor interesse for alpinporten i Osterøy. Kontaktutvalet går inn for å ta opp denne idretten i laga. Det vart gjort framlegg om å velje ein nemnd til å sjå på løypetil høve ikring på øya og leggja fram tilråding om kva som bør gjerast på dette feltet. Nemnda bør ha representantar frå alle laga. Dessutan bør det skipast eit ope møte, der interesserte får orientering og høve til å diskutera saka.

Sak 5 Skøyteidretten.

Det var kome spørsmål om K.U. kunne hjelpe til med å få sprøytt Hatlandsbanen med tanke på å få lagt skøyteis. K.U. fann det umogeleg å få dette gjort denne vinteren, m.a. for di Osterøy alt har fått rydda banen for snø og teke han i bruk til fotballtrening.

Men skøyteidretten i det heile vert å ta opp att som sak på eit seinare møte.

Sak 6 Kulturmidlar, bladsak . Saka vert å koma attende til på eit seinare møte.

Sak 8 "Idrett i kommunen" - kommunekonferanse .

Ein ber idrettskretsen om nærare orientering om kurset

Sak 9 Representasjon på årsmøta .

K.U. vil ikkje på noverande tidspunkt nå til noko nyordning.
Ref.: Olav Hjellvik.